



PLANPROGRAM FOR KDP FOR NATURMANGFALD



TIL VEDTAK

14.08.2025

INNHALD

1.	Bakgrunn for planarbeidet.....	3
1.1.	Kva er eit planprogram?.....	4
1.2.	Korleis lese planprogrammet?.....	4
1.3.	Ordliste	4
2.	Føringar for planarbeidet.....	5
2.1	Internasjonale avtalar.....	5
2.2	Nasjonale føringar.....	6
2.3	Regionale føringar	9
2.4	Kommunale føringar.....	9
3.	Mål og rammer.....	11
3.1	Hovudmål med planen	11
3.2	Avgrensing.....	11
4.	Planprosess	16
4.1	Organisering av planarbeidet	16
4.2	Metode.....	17
4.3	Medverknad	17
4.4	Framdriftsplan	19
5.	Ordliste	20

1. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

Naturen er sjølve grunnlaget for menneskeleg eksistens, men den har òg ein eigenverdi. Ved å oppretthalde artsmangfald og fungerande økosystem vil vi få ein robust natur. Ein robust natur sikrar oss naturgode som mat, medisinar, vassreinsing, luftreinsing, nedbryting av avfall, pollinering og rekreasjon, no og i framtida. Naturen er såleis viktig også i eit folkehelseperspektiv.

Noreg har gjennom FN sin konvensjon for biologisk mangfald forplikta seg til å stanse tapet av naturmangfald. Regjeringa vedtok også nyleg naturmangfalddmeldinga «Meld. St. 35 (2023-2024) Bærekraftig bruk og bevaring av natur – Norsk handlingsplan for naturmangfold».

Bærekraftig bruk og forvaltning av naturen er avgjerande for å stanse tapet av naturmangfald. Naturen er også vesentleg både for å avgrense og handtere klimaendringar. Vi må derfor i mykje større grad sjå natur- og klimautfordringane i samanheng. Kommunane spelar ei viktig rolle i å ivareta naturmangfaldet, gjennom å gjere vedtak om arealbruk for heile kommunen sitt areal etter plan- og bygningslova. I arbeid med heimel i denne lova har kommunane eit særskilt ansvar for å sikre at omsyn til naturmangfaldet blir integrert i all arealplanlegging og byggesaksbehandling. Dette inneber at kommunane må ta vare på økosystem, artar og naturtypar når dei utarbeider planar og gir løyve til tiltak.

I Vestland ligg 77 % av det verna arealet høgare enn 1000 m.o.h., medan det store naturmangfaldet lever lågare enn 500 m.o.h. Ofte finn vi naturmangfaldet i område der også menneska har etablert seg, gjerne i tettstadar og byar. Knappt 4 % av arealet opp til 500 m.o.h. i Vestland er verna, og det gjer kommunane til dei viktigaste naturforvaltarane.

Det er behov for auka fokus på og kunnskap om naturmangfald, kva artar vi har her i kommunen og kva som trugar deira utbreiing og livskraft. Det er vidare behov for å gjere den kunnskapen vi har meir tilgjengeleg gjennom digitalisering og kommunikasjon, slik at alle som forvaltar naturen i ei eller annan form, kan ha oppdatert kunnskap. Forvaltarar av natur reknast her som saksbehandlarar i det offentlege, dei folkevalde, landbruket, skogbruket og andre næringsinteresser, grunneigarar og brukarar av natur- og friluftsområde.

I den kommunale planstrategien for Bjørnafjorden kommune, som blei vedtatt hausten 2024, blei det avgjort at kommunen skal utarbeide ein kommunedelplan for naturmangfald. For å sikre ein open prosess og god medverknad, skal planen utarbeidast som ein kommunedelplan etter rammer gitt av plan- og bygningslova. Planen skal ikkje ha juridisk bindande føresegner, men vil bli viktig i arbeidet med kommuneplanens arealdel (KPA), som vi går i gang med på same tid. Kommunedelplanen vil også danne grunnlag for den gjennomgangen av gamle planar som kommunen er forplikta til å gjere i samband med KPA-prosessen.

Utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald vil vere vesentleg for å gjere dei riktige vurderingane av kva tiltak vi bør prioritere, og planen skal innehalde ein handlingsplan for naturmangfald. Vidare vil den kunne bidra til ivaretaking av natur i plan- og byggesaker. Planen skal vere eit verkemiddel for å setje naturmangfaldet på den lokalpolitiske dagsorden, og etablere ei lokal forankring og medverknad i utveljing av viktige naturområde i kommunen. Bjørnafjorden kommune har fått tilskot frå Miljødirektoratet til utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald.

Vi ønsker eit tydeleg politisk eigarskap til planprogrammet og at vi vidare klarar å skape engasjement gjennom føreseielegheit, openheit og medverknad. Kommunedelplan for naturmangfald skal vise kva som må til for å ivareta naturen i Bjørnafjorden i neste 12-års periode.

1.1. Kva er eit planprogram?

Eit planprogram etter plan- og bygningslova, er eit dokument som skildrar føremålet med og rammene for planarbeidet som skal utførast. Det fungerer som ei rettleiing for korleis planprosessen skal gjennomførast, og det skal sikre at alle relevante tema og interesser blir vurderte.

Planprogrammet er viktig for å sikre ein open og føreseieleg planprosess, og det skal bidra til at alle partar får moglegheit til å medverke og kome med innspel.

Plan- og bygningslova § 4-1 har følgjande føringar for kva eit planprogram skal innehalde:

«Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger.»

1.2. Korleis lese planprogrammet?

For å kome direkte til omtale av kva planen skal handle om, og korleis vi skal arbeide, kan ein gå direkte til kapittel 3 og 4. Dersom ein vil lese meir om bakgrunnen for planarbeidet, og nasjonale og internasjonale føringar for arbeidet med naturmangfald, kan ein finne det i kapittel 2.

1.3. Ordliste

Heilt til slutt i dokumentet, i [kapittel 5](#), finn ein ei ordliste som forklarar mange ord som har med naturmangfald og arealplanlegging å gjere.

2. FØRINGAR FOR PLANARBEIDET

2.1 Internasjonale avtalar

FNs konvensjon om biologisk mangfald (CBD)

I 1992 blei FN sin konvensjon om biologisk mangfald (CBD) vedtatt, med mål om å bevare biologisk mangfald, fremje berekraftig bruk av natur, og sikre rettferdig fordeling av fordelane med genetiske ressursar. Aichi-måla er ein serie med 20 globale mål for biologisk mangfald, vedtatt under FN sin konvensjon om biologisk mangfald i 2010. Desse måla vart forhandla fram i Aichi, Japan, og var gjeldande frå 2011 til 2020. Aichi-måla dekkar ulike aspekt av biologisk mangfald, inkludert bevaring av økosystem, artar og genetisk mangfald, berekraftig bruk av biologiske ressursar, og rettferdig fordeling av fordelane frå bruk av genetiske ressursar. Trass i dei høge ambisjonane blei ingen av måla fullt ut oppnådd innan 2020. I etterkant har ein peika på kva som ikkje har fungert og kva som må endrast, men sjølve måla står ved lag. Aichi-måla er også implementert i Noreg sine nasjonale mål.

Kunming-Montreal Global Biodiversity Framework (GBF)

Kunming-Montreal Global Biodiversity Framework (GBF) blei vedtatt under FN sin 15. biodiversitetskonferanse (COP15) i Montreal i 2022. Rammeverket har som mål å oppnå ei verd som lever i harmoni med naturen innan 2050, med fire hovudmål for 2050 og 23 globale mål for 2030. Desse måla inkluderer tiltak for å redusere truslar mot biologisk mangfald, restaurere økosystem, og sikre berekraftig bruk av naturressursar. Den har også mål om å verne 30 % av naturen på land og i havet. Implementeringa vil bli støtta gjennom overvaking, planlegging, rapportering og finansielle ressursar. Alle partar har forplikta seg til å sette nasjonale mål for å implementere rammeverket.

FNs berekraftsmål

FN sine berekraftsmål (Sustainable Development Goals, SDGs) blei vedtatt i 2015, og består av 17 mål og 169 delmål, med ein tidsfrist fram til 2030. Dette er ein breiare global arbeidsplan enn Aichi-måla, og dei dekkar eit vidt spekter av tema i tillegg til natur, inkludert utrydding av fattigdom, bekjemping av ulikskap, og tiltak mot klimaendringar. Begge sett med mål har som hovudmål å fremje berekraftig utvikling, men FN sine berekraftsmål har eit vidare fokus som inkluderer sosiale, økonomiske og miljømessige aspekt.



Bjørnafjorden kommune skal legge FNs berekraftsmål til grunn i all samfunns- og arealplanlegging. Figuren over viser ein annan måte å forstå berekraftsomgrepet på, med tre dimensjonar: miljø, økonomi og sosiale forhold. Desse dimensjonane må sjåast i samanheng og ikkje kvar for seg. Det er ikkje mogleg å sikre den sosiale eller økonomiske dimensjonen, viss vi ikkje tek omsyn til livsgrunnlaget vårt, naturen (biosfæren). Å bevare naturen på land og i vatn (mål 14 og 15) og å motverke klimaendringane (mål 13) er derfor viktige oppgåver for kommunen i framtida.

Parisavtalen

Sjølv om Parisavtalen, som blei vedtatt i 2015 under COP21, primært handlar om klimaendringar, har den også konsekvensar for naturmangfald, gjennom tiltak for å redusere klimagassutslepp og å tilpasse seg klimaendringane. Naturlege økosystem spelar ei viktig rolle i å regulere klimaet ved å binde og lagre karbon. Tiltak som å redusere avskoging og restaurere økosystem kan derfor bidra til å senke klimagassutsleppa. Samstundes kan bevaring av naturmangfald styrke motstandskrafta mot klimaendringar, ved å beskytte kystsamfunn mot stormar og flaum gjennom naturbaserte løysingar som tareskog og myrområde.

2.2 Nasjonale føringar

Kommunal planlegging skal ikkje berre ta omsyn til lokale behov og ønske, men også til nasjonale føringar og forventningar. Kommunane skal ivareta både kommunale, regionale, nasjonale og globale mål, interesser og oppgåver. Nasjonale forventningar til kommunal planlegging (2023) understrekar kor viktig det er å ta omsyn til naturmangfaldet. I tillegg til naturen sin eigenverdi, bidreg ivaretaking av naturområde til å redusere klimagassutslepp, klimatilpassing, og å sikre langsiktig velferd for komande generasjonar.

Meld. St. 35 (2023-2024) Bærekraftig bruk og bevaring av natur – Norsk handlingsplan for naturmangfold

Regjeringa si naturmelding, Meld. St. 35 (2023–2024), legg fram ein heilskapleg handlingsplan for å nå nasjonale og globale mål i FN sin konvensjon om biologisk mangfald, som blei underskriven i 2022 i Montreal. Handlingsplan skal sikre bærekraftig bruk og bevaring av naturmangfald i Noreg, og meldinga understrekar viktigheita av å stanse tapet av natur og økosystem, og set ambisiøse mål for å verne 30 % av naturen på land og i havet innan 2030.

Naturmeldinga gir ei oversikt over status for norsk natur og skisserer konkrete tiltak for å ivareta naturmangfaldet. Dette inkluderer styrking av verneområda, restaurering av øydelagde økosystem, og integrering av naturomsyn i all samfunnsplanlegging. Meldinga legg også vekt på samarbeid mellom ulike forvaltningsnivå og sektorar, samt internasjonalt samarbeid for å nå dei globale måla i naturavtalen.

For kommunen betyr dette at vi må integrere naturmangfald i vår planlegging og forvaltning. Vi skal arbeide for å bevare og styrke lokale økosystem, sikre leveområda til truga artar, og fremje bærekraftig bruk av naturressursane. Gjennom aktiv forvaltning og samarbeid med innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar, skal vi bidra til å nå dei nasjonale og globale måla for naturmangfald.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova har som føremål å ta vare på naturen sitt biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald, samt dei økologiske prosessane. Lova legg vekt på bærekraftig bruk og vern av naturressursane, slik at dei kan sikre grunnlag for menneskeleg aktivitet, kultur, helse og trivsel, både no og i framtida.

Naturmangfaldlova inneheld fleire viktige prinsipp som skal sikre bærekraftig forvaltning av naturen. Desse prinsippa skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit, og ved forvaltning av fast eigedom. Dette sikrar at naturmangfaldet blir teke omsyn til i alle relevante avgjerder og tiltak. Prinsippa går fram av naturmangfaldlova §§ 8 – 12:

Kunnskapsgrunnlaget

Offentlege avgjerder som påverkar naturmangfaldet skal, så langt det er rimeleg, bygge på vitenskapleg kunnskap om naturmangfaldet og effekten av påverkingar.

Føre-var-prinsippet

Ved manglande kunnskap eller vitenskapleg usikkerheit skal ein ta omsyn til risikoen for alvorlege eller irreversible skadar på naturmangfaldet.

Økosystemtilnærming og samla belastning

Påverkinga eit tiltak, inngrep eller ei aktivitet har på økosystemet, må vurderast ut frå den samla belastninga som økosystemet blir utsett for.

Kostnadsdekning

Tiltakshavar skal bere kostnadene ved miljøskade som tiltaket påfører naturmangfaldet.

Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Det skal stillast krav om bruk av miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å redusere negativ påverking på naturmangfaldet.

Skogbrukslova

Skogbrukslova har til føremål å fremje ei berekraftig forvaltning av skogressursane med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen. Dette inneber at skogeigarar og forvaltarar må ta omsyn til naturmangfaldet i all skogbruksaktivitet. Lova legg vekt på å bevare økosystema, artane og dei økologiske prosessane som finn stad i skogane. Skogeigarane har plikt til å ha oversikt over miljøverdiane i skogen og å ta omsyn til desse i den praktiske drifta. Dette bidreg til å sikre at skogbruket ikkje berre er økonomisk berekraftig, men også miljømessig forsvarleg.

Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova er eit sentralt verktøy for å sikre berekraftig forvaltning av natur og naturmangfald i Noreg. Lova legg til rette for at omsyn til naturmangfaldet blir integrert i all arealplanlegging og byggesaksbehandling. Dette inneber at kommunane må ta omsyn til økosystem, artar og naturtypar når dei utarbeider planar og gir løyve til tiltak.

Kommunane har ansvar for å sikre at naturmangfaldet blir ivaretatt i alle planprosessar. Dette inneber blant anna å gjennomføre konsekvensutgreiingar, setje vilkår for utbygging og følge opp tiltak for å bevare viktige naturverdiar. Plan- og bygningslova gir også høve til å opprette verneområde og andre spesielle omsynssoner for å beskytte sårbare økosystem og artar.

Verneplan for vassdrag

I Bjørnafjorden er vassdraga Oselva og Femangerelva verna mot kraftutbygging i verneplan for vassdrag. Verneplan for vassdrag er ei nasjonal oversikt over vassdrag som er verna mot kraftutbygging. Målet med vernet er å ta vare på viktige natur- og miljøverdiar, landskap, friluftsliv og kulturminne knytt til vassdraga. Vernet inneber at det ikkje er tillate med tiltak som kan skade dei naturlege eigenskapane til vassdraget, som til dømes regulering eller bygging av kraftverk.

Vassrammedirektivet og vassforskrifta

EUs rammedirektiv for vatn (vassrammedirektivet) er innført i Noreg gjennom vassforskrifta, og har som mål å sikre god økologisk og kjemisk tilstand i alle vatn – innsjøar, elvar, kystvatn og grunnvatn. Forskrifta legg føringar for ei heilskapleg og sektorovergripande forvaltning av vatn, og er juridisk forankra i plan- og bygningslova, naturmangfaldlova, forureiningslova og vassressurslova.

Kommunane har eit ansvar for å ta omsyn til miljømåla i vassforskrifta i all arealplanlegging. Dette inneber at planlegging og tiltak ikkje skal føre til forringing av vassmiljøet, og at eksisterande påverknad skal reduserast der det er naudsynt for å nå miljømåla. Godkjente regionale vassforvaltningsplanar med tilhøyrande tiltaksprogram skal leggjast til grunn for kommunal planlegging og verksemd.

For Bjørnafjorden kommune betyr dette at vi må vurdere korleis arealbruk og utbygging påverkar vassmiljøet, og sikre at planane våre bidreg til å oppretthalde eller betre tilstanden i lokale vassdrag og kystområde. Dette er viktig både for naturmangfaldet og for økosystemtenester som reint vatn, flaumdemping og friluftsliv.

2.3 Regionale føringar

Følgande regionale planar og dokument er relevante:

[Regional plan for klima 2022-2035](#)

[Regional plan for vassforvaltning Vestland](#)

[Regional plan for innovasjon og næringsutvikling](#)

[Regional plan for kultur](#)

[Plaststrategi – ein plastfri natur og eit plastfritt hav i Vestland](#)

[Utviklingsplan for Vestland 2024-2028](#)

2.4 Kommunale føringar

Kommuneplanens samfunnsdel (KPS) (2023 – 2035)

Kommuneplanens samfunnsdel blei vedtatt 3. november 2022, som den første felles samfunnsdelen for nye Bjørnafjorden kommune. Det vart utført ein omfattande medverknadsprosess og høyringsperiode for denne planen. Det er valt ut fire hovudsatsingsområde som skal leggja rammene for tenester, planarbeid og arealbruk i planperioden:

- A. Framtidsretta transport og infrastruktur
- B. Folk og fellesskap i berekraftige tettstadar og lokalsamfunn
- C. Framtidsretta Bjørnafjorden kommune
- D. Samarbeid for å nå måla

Satsingsområde C er delt i følgjande delområde:

- C1. Natur-, klima- og miljøvenlege lokalsamfunn
- C2. Treffsikre tenester
- C3. Berekraftig og nyskapande næringsutvikling og arbeidsliv

KPS legg klare føringar for arbeidet med naturmangfaldplanen. Eit av hovudmåla er å sikre at natur-, klima- og miljøomsyn er førande for all samfunnsutvikling. Dette inneber å redusere klimagassutslepp, energi- og ressursbruk, samt å stanse tap av naturmangfald og forureining av grunn- og vassressursar. Planen vektlegg også bevaring og berekraftig bruk av naturressursar, og å fremje lokal matproduksjon og gjenbruk.

Vidare skal kommunen arbeide for å kartlegge og ta vare på naturmangfaldet, både på land og i sjø. Det er også viktig å utvikle strategiar mot forureining av vass- og grunnressursar.

Samfunnsplanen understrekar behovet for å tilpasse seg klimarisiko og prioritere naturbaserte løysingar for å førebygge uønskte hendingar.

Gjennom desse føringane skal naturmangfaldplanen bidra til å oppnå måla om berekraftige og miljøvenlege lokalsamfunn, og sikre at naturmangfaldet i Bjørnafjorden kommune blir bevart og styrka for framtidige generasjonar.

Kommunedelplan for klima, energi og miljø (KLEM-plan) (2021 – 2033)

Bjørnafjorden kommune sin kommunedelplan for klima, energi, og miljø er ein plan for å redusere energibruk, klimagassutslepp og negative miljøpåverknadar. Visjonen for planen er:

«Bjørnafjorden kommune skal innan 2050 vere eit lågutsleppssamfunn.

Kommunen skal arbeide for å:

- vere fossilfri innan 2030
- stanse tap av naturmangfald
- stanse forureining av grunn- og vassressursar

Kommunen skal vere pådrivar for klimaomstilling.»

Planen er delt inn i ein tiltaksdel og eit kunnskapsgrunnlag som legg grunnlaget for Bjørnafjorden kommune sitt klima-, energi-, og miljøarbeid for framtida. I KLEM-planen er det òg ein strategi å utarbeide temaplanar og handlingsplanar som går i djupna av dei ulike tiltaksområda. I kunnskapsgrunnlaget for KLEM-planen er det framheva at det er behov for eigne temaplanar for fleire område innan "Ytre miljø". Naturmangfald er omtalt der som eitt av to tema for ytre miljø, der forureining og direkte utslepp er det andre temaet. Å stoppe tap av naturmangfald er ein viktig visjon i KLEM-planen, og eit overordna mål her er at det innan 2023 blir innarbeidd rutinar som sikrar vidare tap av naturmangfald.

Av mål og strategiar i KLEM-planen som gjeld klima, og som er relevant for naturmangfald, kan nemnast at det er eit overordna mål å redusere klimagassutslepp. Av det som her er relevant i høve til naturmangfald er det i temaplanen fokusert på myr- og sumpskogområda i kommunen. Myr- og sumpskog er og relevant for den overordna strategien om å prioritere eit lågt klimagassfotavtrykk i eigne utbyggingsprosjekt.

3. MÅL OG RAMMER

3.1 Hovudmål med planen

Hovudmålsettinga med å utarbeide denne planen er å styrke natur- og artsmangfaldet i Bjørnafjorden kommune. Ved å auke kunnskap om naturmangfald kan vi legge til rette for betre arealplanlegging og forvaltning av naturen.

Kommunedelplan for naturmangfald har følgjande mål:

1. Gi ei oversikt over etablert kunnskap om naturmangfald på land, i ferskvatn og i sjø. Dette vil også gi ei oversikt over område der vi ikkje veit nok(o)
2. Samle inn uregistrert informasjon om lokalt viktig naturmangfald gjennom ulike medverknadsprosessar
3. Gjere kartleggingar etter miljødirektoratets instruks/NiN-metoden for eit knippe område
4. Å etablere eit betre kunnskapsgrunnlag for rullering av kommuneplanens arealdel (KPA)
5. Identifisere område som kan vere aktuelle for frivillig skogvern
6. Lage ein handlingsplan for naturmangfald
7. Skape eigarskap til naturmangfaldet blant både innbyggjarar, administrasjon og politikarar, og sørge for eit godt kunnskapsgrunnlag i dei lokalpolitiske prosessane som råkar natur

3.2 Avgrensing

Planområdet for kommunedelplan for naturmangfald er heile Bjørnafjorden kommune. Det er stor variasjon i kor mange registreringar av artar og naturtypar det er i ulike område i kommunen. Kommunedelplanen vil gi ei oversikt over kva vi veit om naturmangfaldet, og i kva område vi veit lite eller ingenting. Dette vil gi eit grunnlag for arbeidet med kommuneplanens arealdel (KPA), og tematikken kan arbeidast vidare med der, og det kan utarbeidast omsynssoner og føresegner.

Omtale av dei ulike måla denne planen har, jf. avsnitt 3.1:

3.2.1. Gi ei oversikt over etablert kunnskap om naturmangfald på land, i ferskvatn og i sjø. Dette vil også gi ei oversikt over område der vi ikkje veit nok(o).

Det ligg allereie føre ei oppsummering av kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald på land i Bjørnafjorden, med ein tilhøyrande rapport: «Temaplan for naturmangfald på land for Bjørnafjorden kommune». Rapporten har ei rekke anbefalingar om vidare arbeid, og nokre av desse passar inn blant dei sju måla våre, slik at vi vil arbeida vidare med dei gjennom planprosessen.

For areala våre i sjø og ferskvatn ligg det ikkje føre ei oppsummering av kunnskapsgrunnlaget om naturmangfald, og dette vil vi få utarbeidd gjennom kommunedelplan for naturmangfald. Vi vil gå gjennom offentlege kart, databasar og rapportar for å finne informasjonen, og samanfatte den i ein delrapport til kommunedelplanen.

Det er også eit mål å identifisere samanhengande naturområde og grønne korridorar som er viktige å ta vare på, herunder også i strandsona langs sjø og vassdrag. Samanhengande grønne og blå område er avgjerande for å sikre leveområde og funksjonelle korridorar for artar. Landskapsøkologi og grøn infrastruktur er også tema som naturmangfaldplanen kan kunnskapsoverføra til kommuneplanprosessen.

Det ligg føre svært lite registreringar av marint biologisk mangfald i tilgjengelege databasar, men marine naturtypar som tareskog, ålegrasenger, korallar, skjelsand og blautbotnomsområde er viktige leveområde for marine artar. Ressursområde som gyte-, oppvekst- og beiteområde bør synleggjerast i planen, for å beskytte sårbare marine artar som kysttorsk, hummar, uer, blålange og pigghå.

Det vil også bli laga ei oversikt over kva faktorar som påverkar naturmangfaldet i Bjørnafjorden negativt, slik at det er mogleg å utarbeida ein handlingsplan for å arbeide for ei meir positiv utvikling. Det også aktuelt å kartlegge framande artar, og utforme råd og planar om bekjemping, og korleis hindre spreiding av slike.

Det skal utarbeidast kart til planen der nasjonale, regionale og lokale naturmangfaldsverdiar blir synleggjort. Vi kan også lage kart over framande artar og område som er aktuelle for restaurering.

3.2.2. Samle inn uregistrert informasjon om lokalt viktig naturmangfald gjennom ulike medverknadsprosessar

Det må gjennomførast ein strukturert medverknad for å hente inn kunnskap og opplysningar om lokalt viktig naturmangfald frå relevante aktørar. Dette kan vere andre offentlege myndigheiter, organisasjonar eller innbyggjarar. Dersom vi skal hente inn opplysningar/kunnskap frå innbyggjarane må dette gjerast på ein gjennomtenkt måte. Dette for å sikra at vi får inn opplysningane på eit format som vi kan arbeide vidare med utan større omarbeiding, og at vi får inn pålitelege opplysningar med tilfredsstillande kvalitet.

Frå rettleiaren om kommunedelplan for naturmangfald:

«En del av planarbeidet vil bestå i å få fram informasjon om naturområder av lokal verdi. Dette er ofte områder som ikke fanges opp i ordinær naturtypekartlegging. Kommunen er derfor avhengig av medvirkning for å få til et godt kunnskapsgrunnlag. Informasjonsmøter, feltbefaringer og egne møter der man tar for seg kommunekartet, kan være nyttig for å få innspill fra organisasjoner og innbyggere. Kommunen bør åpne for muntlige og skriftlige innspill utenom møtene.»

[Kartlegge lokalt viktig naturmangfold - miljodirektoratet.no](https://miljodirektoratet.no)

3.2.3. Gjere kartleggingar etter miljødirektoratets instruks/NiN-metoden for eit knippe område

Vi har fått tilskot frå Miljødirektoratet, og vil vi utføre kartlegging for eit knippe område der vi kan vente å finne rikt naturmangfald, og som ligg sentrums- eller utbyggingsnært til. Det vil også bli registrert lokalt viktig naturmangfald innanfor desse lokalitetane. Vi vil velje ut nokre område på land og nokre i sjø. Områda i sjø vil gjerne vere grunne område, der utbyggingspresset i strandsona ofte er høgt.

Sommaren 2025 har vi mål om å kartlegge:

- Nokre utvalde sentrums-/utbyggingsnære naturområde, som på sikt står i fare for utbygging
- Restareal mellom utbygde område, kantareal langs veg e.l.

Så snart det er publisert kartleggingsinstruks etter NiN 3.0 for marint naturmangfald (dette er skissert å vera klart «innan 2026») vil vi kartlegge utvalde område av:

- Ålegraseng
- Østersførekomstar (nøkkelområde for spesielle artar og bestandar)
- Blautbotnområde i strandsona

Vi kan nytte Vestland fylkeskommune sitt arealrekneskap som gir oversikt over eksisterande planreserve og samanlikne med kunnskapshol i Naturbase. Dersom det er større planreserve (og gamle planar) som ligg på areal med dårleg kartgrunnlag, er dette kanskje område som bør bli prioritert for naturkartlegging i 2026.

3.2.4. Å etablere eit betre kunnskapsgrunnlag for rullering av kommuneplanens arealdel (KPA)

Arbeidet med kunnskapsoppsummering og nykartlegging vil gi oss eit betre kunnskapsgrunnlag å arbeide med, når vi no går i gang med kommuneplanens arealdel. Kunnskapsgrunnlaget vil også bli nyttig i samband med planvask av reguleringsplanar, som vi går i gang med parallelt med KPA. Arealendringar er den viktigaste påverknadsfaktoren for naturmangfaldet i Noreg i dag. Dei avgjerdene som blir tatt gjennom kommunane si arealplanlegging etter plan- og bygningslova, har til saman store følgjer for korleis naturmangfaldet blir ivareteke. Gjennom KPA-prosessen kan det utarbeidast føresegner og omsynssoner som sikrar naturverdiane, eller som stiller krav til vidare utgreiingar. Det kan også vere ein viktig del av planarbeidet å peike på areal der utbygging vil få mindre verknad på naturmangfaldet, og ta det vidare til arbeidet med kommuneplanens arealdel. Dette for å kunne nå klimamål og andre samfunnsutviklingsmål, samtidig som vi ikkje bygger ut dei mest verdifulle områda for naturmangfaldet.

Det kan nemnast at miljødirektoratet sin rettleiar for utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald presiserer at ein slik plan ikkje medfører nokon auka forpliktingar når det gjeld å ta omsyn til overordna nasjonale eller regionale miljøinteresser. Norske kommunar er allereie forplikta til å ta slike omsyn.

Vi er inne i FN sitt tiår for naturrestaurering, og i arbeidet med naturmangfaldplanen vil vi prøve å identifisere og kartfeste område som har potensiale for naturrestaurering. Døme på dette kan vere drenerte våtmarker og attgrodde kulturmarker, der restaurering kan gjerast ved plugging av grøfter eller å ta opp igjen drift av kulturmark.

Vurdering og omtale av økosystemtenester skal inngå i planen. Vi vil vurdere å ta med eit kapittel om naturrekneskap, og søke å kople dette til arealrekneskap i samband med KPA.

3.2.5. Identifisere område som kan vere aktuelle for frivillig skogvern

Eit av dei viktigaste måla i FN-konvensjonen er at 30 % av land- og havområda skal vernast innan 2030. Dette målet dreier seg i hovudsak om å sette av areal til naturreservat. Om lag 1,5 % av landarealet i Bjørnafjorden er naturreservat. Vi har ingen naturreservat i sjø, men vi har eit knippe sjøfuglreservat knytt til øyer og holmar i sjø.

Oppretting av naturreservat må skje gjennom avtalar mellom grunneigarar og staten, der staten kompenserer for økonomisk tap. Sjølv om oppretting av naturreservat ikkje blir gjort gjennom kommuneplanens arealdel, kan det likevel innanfor LNF-områda vere fleire aktuelle område som eignar seg for slikt vern. Kommunen kan i samband med KDP for naturmangfald peike på område som kan vere verneverdige innafor LNF-områda.

I Vestland er det særleg regnskog, bekkekløfter og kalk-, lågurt- og høgstaudeskog som er [aktuelle for frivillig vern](#). Det er ikkje nødvendigvis eit mål om at kvar kommune skal verne 30 % av sitt areal gjennom naturreservat. Det er ikkje sikkert at det er gode nok kvalitetar i Bjørnafjorden til at det er her grunneigarar vil kunne få kompensasjon. Likevel kan KDP for naturmangfald peike på område der det er meir verdifull skog for naturmangfald, slik at eventuell verneprosess kan anbefalast.

3.2.6. Lage ein handlingsplan for naturmangfald

Utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfald vil vere vesentleg for å gjere dei riktige vurderingane av kva tiltak vi bør prioritere, og planen skal innehalde ein handlingsplan for naturmangfald. Det skal utarbeidast ein konkret handlingsplan med tydelege tiltak og tidsplan, som også blir forankra i økonomiplanen.

Handlingsplanen vil også kunne bidra til ivaretaking av natur i plan- og byggesaker. På dette tidspunktet i planprosessen er det ikkje tatt stilling til kva type tiltak handlingsplanen skal innehalda, men døme som kan nemnast er:

- Rutinar for saksbehandling
- Råd om svartelisteartar

- Rutinar for drift av kommunale/offentlege areal
- Råd om frivillig skogvern
- Ein plan for framtidig kartlegging
- Ein plan for søknader om tilskot
- Plan for naturrestaurering
- Tiltak mot marin forøpling

KDP for naturmangfald kan også ha strategiar for korleis kommunen skal handtere og vege berekraftsmål mot kvarandre. Korleis kommunen kan legge til rette for ei berekraftig samfunns- og økonomisk utvikling samtidig som vi har strategiar for i å ivareta miljømåla.

KDP kan også bli eit verktøy for å få naturbaserte løysingar med i kommunen sine planar og prosjekt for klimatilpassing, og her kan plattformen VERBENA vere til hjelp. Vi kan også nytte NINA-rapporten Naturtypar i klimatilpassingsarbeidet for å sjå kva naturtypar som særleg bidrar til klimatilpassing.

3.2.7. Skape eigarskap til naturmangfaldet blant både innbyggjarar, administrasjon og politikarar, og sørge for eit godt kunnskapsgrunnlag i dei lokalpolitiske prosessane som råkar natur

Det er behov for auka fokus på og kunnskap om naturmangfald, kva artar vi har her i kommunen og kva som trugar deira utbreiing og livskraft. Det er vidare behov for å gjere den kunnskapen vi har, meir tilgjengeleg gjennom digitalisering og kommunikasjon, slik at alle som forvaltar naturen i ei eller anna form kan ha oppdatert kunnskap. Forvaltarar av natur reknast her som saksbehandlarar i det offentlege, dei folkevalde, landbruket, skogbruket, havbruksnæringa og andre næringsinteresser, grunneigarar og brukarar av natur- og friluftsområde.

Bruken av kommunedelplan som planprosess og involvering gjennom medverknad vil bidra til å oppfylle dette målet. I tillegg vil det bli viktig å tilgjengeleggjere endeleg vedtatt plan og tilhøyrande kart på ein god og brukarvennleg måte.

4. PLANPROSESS

4.1 Organisering av planarbeidet

Formannskapet er styringsgruppe for planarbeidet. Planavdelinga har hovudansvaret for kommunedelplan for naturmangfald, i samarbeid med nøkkelpersonar frå andre avdelingar. Vi vil knyte til oss kontaktperson på VA som har å gjera med vassforskrifta, og kontaktperson på kultur for identifisering av område med kulturmark og andre område der natur og kultur spelar på lag.

Ei intern arbeidsgruppe har utarbeidd forslag til planprogram, og denne gruppa vil halde fram med å arbeide med planen gjennom heile planprosessen. Vi kan også fordele ansvaret for enkelte tema til mindre fokusgrupper, og vil knyte til oss samfunnsplanleggarar for å gjennomføre medverknadsprosessar.

Vi vil invitere eksterne ressursar inn i arbeidet, ved å opprette ei referansegruppe, eller invitere fagkompetanse med i arbeidsgruppa. Vestland fylkeskommune har også eit ansvar som kunnskapsleverandør og rettleiar ovanfor kommunane. Statsforvaltaren har ei rolle som kontrollorgan for at vi følger lovverk, men dei har også svært mykje kompetanse innanfor natur og miljø, og kan bidra med råd og rettleiing. Miljødirektoratet oppfordrar til tett dialog med Statsforvaltaren i planarbeidet. Fiskeridirektoratet vil kunne bidra med fagkompetanse om marint miljø.

Vi tek sikte på å ha to digitale referansegruppemøte vinter/vår 2026 der vi presenterer kunnskapsgrunnlag og utkast til plandokument, samt eit møte før planen blir sendt på høyring.

Vi vil også ta kontakt med nabokommunar for å undersøka om det er mogleg å få til eit interkommunalt eller eit regionalt samarbeid.

Ein planprosess for kommune(del)plan kan illustrerast ved hjelp av ei skjematisk framstilling, og denne er henta frå KMD sin rettleiar for kommuneplanens arealdel:



4.2 Metode

Vi vil bruke rettleiaren frå Miljødirektoratet «[Kommunedelplaner for naturmangfold](#)» så langt den passar for vårt prosjekt. Vidare vil vi følge reglane i plan- og bygningslova kapittel 11 om utarbeiding av kommunedelplan, og kapittel 5 om medverknad. Vi vil også hente råd frå Fiskeridirektoratets nettside [Arealplanar](#), og frå NVE sine nettsider om [Arealplanlegging](#).

For areala våre i sjø og ferskvatn ligg det ikkje føre ei oppsummering av kunnskapsgrunnlaget om naturmangfold, og dette vil vi få utarbeidd gjennom kommunedelplan for naturmangfold. Vi vil gå gjennom offentlege kart, databasar og rapportar for å finne informasjonen, og samanfatte den i ein delrapport til kommunedelplanen. Vi vil knyta til oss relevant fagkompetanse ved behov.

For kartleggingane vi skal få utført av fagpersonell vil Miljødirektoratets instruks (NiN-metoden) bli brukt.


For registrering av lokalt viktig naturmangfold, som ikkje blir kartlagt etter NiN-metoden, vil vi følge rettleiaren frå Miljødirektoratet «Kommunedelplaner for naturmangfold», samt rettleiar frå Kartverket om registrering av [DOK-tilleggsdata](#).

4.3 Medverknad

Medverknad inneber at innbyggjarar, organisasjonar, næringsaktørar, andre interessentar og andre offentlege myndigheiter får høve til å delta aktivt i planprosessen. Målet er å sikre at ulike synspunkt og kunnskap blir tatt med i vurderingane, slik at planen blir best mogleg tilpassa lokale behov og utfordringar.

Plan- og bygningslova har klare reglar om medverknad i planlegginga. Lova (§ 5-1) fastset at alle som blir råka av ein plan, skal ha rett til å delta i prosessen. Dette gjeld både barn og unge, ulike interessegrupper og organisasjonar, og innbyggjarar generelt. Medverknad skal sikre at planlegginga blir demokratisk og inkluderande, og at alle relevante synspunkt blir vurdert.

Det er ulike former for medverknad. Ein føresetnad for vellykka medverknad er forankring av deltakarane sitt mandat. "Medverknadstrappa" illustrerer ulike medverknadsformer og grad av involvering ein planprosess kan ta utgangspunkt i. Jo høgare ein planprosess er i trappa, desto høgare er grada av involvering.



Figur: «Verksted som verktøy – Å planlegge og lede workshops» – Asle Farner, 2011

Medverknad treng ikkje å førekome høgast mogleg i trappa, men det er viktig å avklare kvar i trappa vi skal operere. Forankring av medverknad vil i større grad sikre at vi får innhenta den lokalkunnskapen vi er avhengig av å få i denne planprosessen.

Vi har fått tilskot til campingbil som kan nyttast i medverknadsprosessar, og vil leige ein bil for å ha ein meir aktiv medverknadsfase enn vi pleier.

Vi må vurdere ulike digitale verktøy for medverknad. Vi kan også oppfordre til å bruke verktøy som finst i dag, som artsdatabanken.

Vi skal få med minst to skular i arbeidet i løpet av våren 2026. Det kan vere gjennom prosjekt som kartlegging av artar i nærområdet og å utarbeide planar for å ivareta naturen, eller førebygge spreiding av framande artar.

Ungdomsrådet blir også ein viktig samarbeidspartnar for å inkludere barn og unge sine interesser.

7.3.1. Dei ulike medverknadsfasane

Varsel om oppstart og høyring av planprogram

Høyring av planprogram sikrar ein brei medverknad til kva planen bør innehalde, så vel som organiseringa av arbeidet. Planprogrammet blir også bli lagt fram for uttale i dei tre kommunale råda, samt plan-, bygg og miljøutvalet. Planprogrammet skal publiserast på kommunen si heimeside og i lokalavisa. Tidlege innspel i oppstart og høyringsfasen vil vere viktig for å sikre brei medverknad frå starten av planprosessen. Ei viktig oppgåve for administrasjonen i oppstartsfasen blir å identifisere alle relevante lag og organisasjonar i kommunen, som kan vere aktuelle å få til å kome med innspel, og til å medverke vidare utover i planprosessen.

Vi må ta omsyn til at ikkje alle innbyggjarar potensielt får informasjon om planprogrammet og at vi ønsker innspel. Ein risiko er at fleire ikkje får høve til å medverke og gi innspel i oppstarts- og høyringsfasen. Her vil dei tre kommunale råda vere vesentleg, samt brei og aktiv kunngjering av planoppstart. I neste fase med utarbeiding av planframlegget, er det også viktig at kommunen aktivt oppsøker dei interessegruppene som kan ha verdifull kunnskap om naturmangfaldet i kommunen.

Tidleg i fasen med utarbeiding av planframlegget

I denne fasen vil vi halde møter med relevante interesseorganisasjonar eller lag/foreiningar som kan ha opplysningar om lokalt naturmangfald. Sjå også kap. 3.2. pkt 2. Vi vil også lage eit opplegg for å innhente lokalkunnskap frå innbyggjarane om naturmangfald, og dette vil vi utarbeide saman med samfunnsplanleggarane og lag/organisasjonar i første del av denne fasen.

Ved offentlig ettersyn og høyring av planframlegget

Når planframlegget er ferdig utarbeidd vil vi halde informasjonsmøte, og invitere til å kome med merknader til planframlegget. Midlane vi har fått til campingbilen, skal nyttast til å etablere eit såkalla «mobilt kommunetorg». Tanken er at vi enklare kan reise til fleire krinsar, grender og bygder i kommunen – for å kome i dialog med innbyggjarane våre og henta inn enda meir lokalkunnskap om naturmangfald. I denne fasen vil det også bli viktig med digital tilgjengeleggjering av informasjon om naturmangfaldet i Bjørnafjorden.

4.4 Framdriftsplan

Planprogram vil vere klart til høyring og offentleg ettersyn i mai og juni 2025, og kan fastsettest av kommunestyret i september. Deretter startar vi straks arbeidet med innhenting av eksisterande kunnskap, samt planlegging av den strukturerte medverknaden.

Vi vil leige inn fagkompetanse for å utføre naturkartleggingar allereie sommaren 2025, då denne type kartleggingar må skje om sommaren.

Utarbeiding av sjølve planen og tilhøyrande handlingsprogram vil skje i perioden oktober 2025 til april-mai 2026.

Planforslag kan bli klart til høyring sommaren 2026 og endeleg godkjenning av planen kan skje mot slutten av 2026, eller tidleg 2027. Framdriftsplanen er skjematisk framstilt i figuren under.

Framdriftsplan kommunedelplan for naturmangfald, Bjørnafjorden kommune																											
	2024	2025												2026													
Handling/Aktivitet	D	J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D	J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D		
Vedtak om oppstart - formannskapet	19.*																										
Utarbeiding av planprogram																											
Høyring av planprogram og oppstartsvarsel					30.*																						
Justering etter høyring																											
Vedtak planprogram										18.*																	
Innhenting av eksisterande kunnskap																											
Medverknad for å innhenta eks. <u>ureg.</u> kunnskap																											
Identifisering av område aktuelle for kartlegging																											
- Kartlegging av utvalde område																											
- Rapport levert																											
Utarbeiding av planen																											
Utarbeiding av handlingsprogram																											
1.gangs behandling																											
Høyring og offentlig ettersyn																											
Justeringar etter høyring																											
2. gangs behandling og endeleg vedtak																									X*		

*Datoar refererer til dato for politisk vedtak. Møteplanen for 2026 er ikkje fastsett, difor er politiske vedtak i 2026 markerte med ein X.

*Datoar refererer til dato for politisk vedtak. Møteplanen for 2026 er ikkje fastsett, difor er politiske vedtak i 2026 markerte med ein X.

5. ORDLISTE

Omgrep	Forklaring
Arealplanlegging	Planlegging av korleis areal skal brukast, til dømes til bustader, næring, naturvern eller landbruk.
Arealrekneskap	Ei oversikt over korleis areal i kommunen er fordelt og endrar seg over tid, til dømes mellom natur, jordbruk, utbygging og annan arealbruk.
Artsdatabanken	Nettstad med informasjon om artar og naturtypar i Noreg.
Artsmangfald	Variasjonen av artar innanfor eit område. Eit viktig mål innanfor naturforvaltning.
Berekraftig utvikling	Ei utvikling som møter behova til dagens generasjon utan å øydelegge moglegheitene for framtidige generasjonar.
Framande artar/ svartelisteartar	Artar som ikkje høyrer naturleg heime i området og som kan skade det naturlege artsmangfaldet på staden.
Frivillig skogvern	Når grunneigarar frivillig vernar skog med høg naturverdi, mot økonomisk kompensasjon.
Føre-var-prinsippet	Når ein tek omsyn til naturen sjølv om ein ikkje har full kunnskap – for å unngå skade.
Grøne korridorar	Samanhengande naturområde som gjer det mogleg for dyr og planter å forflytte eller spreie seg.
Handlingsplan	Ein konkret plan med tiltak og prioriteringar for å nå måla i kommunedelplanen.
Klimatilpassing	Tiltak for å tilpasse samfunnet til klimaendringar, som meir regn eller høgare temperatur.
Kommunedelplan (KDP)	Ein plan som gjeld for delar av kommunen eller tek for seg eit bestemt tema, som naturmangfald.
KPA (Kommuneplanens arealdel)	Den delen av kommuneplanen som bestemmer korleis areal skal brukast.
KPS (Kommuneplanens samfunnsdel)	Den delen av kommuneplanen som viser mål og strategiar for samfunnsutviklinga i kommunen.
Kunnskapsgrunnlag	Samla informasjon og data som ligg til grunn for planlegginga.
LNF-område	Område i kommuneplanen sett av til landbruk, natur og friluftsliv.
Medverknad	At innbyggjarar og organisasjonar får vere med og påverke planarbeidet.
Miljødirektoratet	Statleg etat som arbeider med forvaltning av natur og miljø i Noreg.
Naturbaserte løysingar	Tiltak som bruker naturen til å løyse utfordringar, som å hindre flaum eller binde karbon.

Naturmangfald	Variasjon av liv i naturen – ulike artar, naturtypar og økosystem.
Naturekneskap	Ein type arealrekneskap som viser kor mykje natur som finst i kommunen, og kor mykje som er eller blir bygd ned gjennom planlagde eller gjennomførte tiltak.
Naturreservat	Område som er verna for å ta vare på viktig natur.
NiN-metoden	Ein metode for å kartlegge naturtypar. NiN står for Natur i Noreg.
Planprogram	Ein plan for korleis sjølve planarbeidet skal gjennomførast – kva som skal vurderast, kven som skal vere med, og korleis prosessen skal gå føre seg.
Samla belastning	Vurdering av all påverknad eit område eller økosystem får, ikkje berre frå eitt tiltak.
Statsforvaltaren	Statens representant i fylket, som kontrollerer og gir råd i planarbeid.
Svartelisteartar/ framande artar	Artar som ikkje høyrer naturleg heime i området og som kan skade det naturlege artsmangfaldet på staden.
Verneområde	Område som er verna etter lov for å ta vare på naturverdiar.
Verneplan for vassdrag	Liste over elvar og vassdrag som er verna mot kraftutbygging.
Økosystem	Eit område der planter, dyr og andre organismar lever saman og påverkar kvarandre og miljøet.
Økosystemtenester	Gode vi får frå naturen, som reint vatn, pollinering, og rekreasjon.